

Lyder Must Borthen

HÅKON LEIRA



Biografi på Høytidsdagen
26. februar 1986

Lyder Must Borthen var ein mann som på mange vis merkte seg ut.

Han var den første augelege nord for Dovre. Han gjekk dristige, nye vegar i grå-stær-kirurgien.

Han tok sin doktorgrad her, og NB ikkje som vitass. eller stipendiat, under supervisjon, i eit stimulerande miljø, der arbeidet, jobben, *er* nettopp det å forske. *Han* gjorde det, *i tillegg* til sin fulle arbeidsdag, som den einslege ulven, langt, – uendeleg langt borte frå eit miljø.

Hans store vitenskapelege bragd låg likevel på eit anna felt. *Den* skaffa han ære og gull, og vekte internasjonal oppsikt.

Ikkje mindre viktig synes *det* å vera som han gjorde på det kulturelle området. Eg vågar den påstanden: denne byen har neppe nokon gong fostra ein kulturpersonlegdom større enn han!

Unekteleg gir det eit visst perspektiv, preses, at det i dag, vel 60 år etter han gjekk bort, kanskje kan finnast 80- og 90-åringar som har høyrte namnet hans. For den store massen i denne byen er han ein totalt ukjent.

Lyder Must Borthen var fødd på Froan eller Fro-øyane den 4. mai 1849. Han døydd 8. desember 1924, 75 år gamal.

Faren, proprietær Johan Jørgen Borthen, døydd 2 år etter at L.B. var fødd. I 50-års student-skriftet har L.B. med stort lune fortalt frå sine barndoms- og ungdomsår.

Som den yngste vart han åleine att hos ei elskeleg og kjærleg mor, og, seier han, nok forkjælt. Studiane gjekk godt. Men, seier han, *"aldri har jeg vært så flittig som efter jeg tok eksamen"*.

Studiane hadde *"to slemme konkurrenter, musikklivet, og selskapslivet. Al kunst har jeg elsket, men musikken aller mest"*. Selskapslivet hadde nok gitt han gode minne og nokre gode venner, men han hadde også lært å kjenne *"selskapslivets tomhet"*. Dette var bakgrunnen da han seinare i Trondheim stifta den *"praktisk-æstetiske forening"* UCD (UTILE CUM DULCI), som vi skal kome nærmare tilbake til.

I sine studieår var L.B. eit 1/2 år ved Karolinska Sjukhuset i Stockholm hos ein kjent augelege Allan Bergh, som han vart assistent hos. Frå da var hans livsbane klar, han valde det fine fag, *augelegekunsten*, og, seier han, "har aldri angret på dette".

Han tok sin medisinske embetseksamen i 1875, og studerte neste år augesjukdomar ved klinikkar i utlandet. Så reiste han trufast tilbake til sin barndoms by, for aldri å bryte opp igjen derifrå. Han sat fast i sine røter. Men, hans perspektiv var europeisk.

Han vart knytt til den nystarta blindeskolen på *Gløshaugen* og som augespesialist til Abnormskolane i Trondheim.

Lyder Borthen's første vitenskapelege verk "*Refractions- und Farbenblindheitsuntersuchungen bei 550 Schulkindern*" kom i 1882. Tre år seinare kom hans doktorarbeid som også gjekk mest på fargesans. "*Synsindtrykkene, spesielt med henblik på farvesansen, forklarede ved molekulare bevægelser*". Hans hovudtese er at det ved synsinntrykk er analoge svingingar i molekylane i synsnerven, til dei det er i lyset. Fargesynet forklarar han ut frå dette med at det til ein farge svarer "en bølgelængde og en svingehastighed, med andre ord en bevægelse".

Arbeidet er på 38 sider, med 7 sider referanser i tillegg. Men han poengterer i eit etterord at han til *utarbeiding av denne teori har brukt 3 og berre 3 arbeide* og det er verk i fysiologisk optikk og eksperimental fysikk. Dei 124 andre arbeida har han "*gennemseet efter arbeidets utførelse*".

Han måtte nok tåle etter hans meining urettferdig kritikk ved disputasen, vel mest fordi det var eit reint spekulativt arbeid. Tvillaust er *det* rett, men er det kritikkverdig for det? Heller ikke i dag kan vel ein teori om *fargesans* – ha stort anna grunnlag.

Men Borthen fekk stønad hos andre. Litt av ein triumf må han ha hatt når han heilt til slutt i sitt etterord legg fram sitat av ingen ringare enn Newton. Det reiser eit spørsmål som fell heilt i tråd med Borthen's syn: om fargeinntrykk blir til ved proporsjonar mellom vibrasjonar i synsnerven inn til hjernen. Så, trass i kritikken, han var i godt selskap. Eg synes arbeidet er absolutt leseverdig også i dag, for den interessante hypotese, den logiske utvikling av teorien, den stringente, men så enkle form.

Det som gjorde L.B.'s namn kjent ute i Europa, var eit grunnleggande arbeid om *leprøse augesjukdomar*.

Lepra eller spedalskheit (i engelsk-språkleg litteratur: Hansens disease etter vår landsmann Armauer Hansen, som fann leprabasillen i 1873) var på L.B.'s tid velkjent i Noreg. Det var ein sterkt invalidi-

serande, progredierande sjukdom. Inga behandling fans. Pasienten vart isolert og oppbevart i såkalla leprosarier, eitt på Reitgjerdet, eitt i Molde, tre "pleiestiftelser" i Bergen. Sjukdomen fins i to hovudformer, ein med knutar, ein med anestetiske flekker i huda. Knutane er ofte lokalisert til auge regionen, med feilstillingar og deformitetar av augelokka, med store skader, eventuelt blindheit, av auget.

Ved alle formene kan det dessutan finnas ein spesifikk, kronisk, granulomatøs augeinflammasjon som også kan føre til blindheit.

I 1889 tok L.B. til med sitt arbeid ved Reitgjerdet. Han fekk etter få år eit tre-årig arbeidsstipend av Stortinget og utvida sitt arbeidsområde også til Molde og Bergen. Ialt undersøkte han 456 pasientar.

Overmåte illustrerande har han klargjort sine funn, gjennom store biletsamlingar, det eine s/k fotografi av andleta til pasientane, 74 i talet, det andre av fargelagte – måla – bilete. Det første kalla han "*Lepra oculi norvegica, imaginibus photographicis illustrata*", det fins i fire eksemplar. Det andre fekk namnet "*Lepra oculi norvegica, imaginibus coloratis (aquarellis) illustrata*", her er den okulære tilstanden måla, kunstnaren var den engelske Miss Muir, *det* finst i eitt eksemplar, som L.B. gav til Universitetet – – – – i Oslo! Med dette som del-grunnlag arbeidde så B. ut sine store lepraverk. Det første, "*Die Lepra des Auges*" kom i 1899. Det hadde Bergen patologen, overlege H.P. Lie, – velkjent lepra-forskar – som medarbeidar. Verket vart honorert med gullmedalje på verdsutstillinga i Paris i 1900, og seinare med *Boeck og Danielsens legat*.

To år seinare kom neste arbeid med L.B. som eineforfattar: "*Die Blindheitsverhältnisse bei der Lepra*". Også for dette fekk han *Boecks og Danielsens legat*.

B.'s arbeid er for ein stor del klinisk-kasuistiske, med rikeleg bruk av grafisk materiale, kurver, tabellar etc. I begge verk fins eit utval av dei svart-kvite fotografiske bileta – "uovertreffelige" er dei kalla – med ein del fargelagte histologiske bilete.

Med sine arbeid er det sagt at B. for alltid har skreve sitt namn inn i både leprologiens og oftalmologiens historie. Dei vart snart omsett til fleire andre språk. Og B. vart kjent ute. Han var referent for auge-seksjonen ved ein stor leprakongress i Berlin og sekretær ved leprakongress i Bergen like etter hundreårsskiftet. Han vart medarbeidar i det internasjonale tidsskriftet "*Lepra*" og i "*Encyclopedia der Augenheilkunde*".

Han hadde andre jarn i elden. Tidleg hadde han konstruert eit nytt oftalmoskop (Refractions-oftalmoskop) med to brennvidder. Han demonstrerte det først på ein Berlinkongress.

Han samla eit stort materiale av intra-okulære, melanoriske vokstrar (tumores), han skreiv om pupille-stivheit, om augemuskelamningar, osb. Han skreiv i norske og skandinaviske, men mest i tyske tidsskrifter, for ein liten del også i engelske og franske.

Han gjorde svært mykje for å halde kontakten med europeisk oftalmologi. Han fekk Universitetets reisestipend 2 gonger, og Statens vitenskapelege reisestipend, også av Trondheim kommune fekk han oppdrag og reisepengar. Han drog til kongressar og klinikkar, til København og Berlin, til Wien og Prag, til Budapest og Leipzig, Zürich og Dresden, til Edinburg! (Tysk-austerriksk oftalmologi var den gong på topp i verdssamanheng.) I dei 19 åra mellom 1890 og 1909 veit vi om i alle fall 9 større reiser.

Han var innvald medlem av tyske og engelske oftalmologiske selskap. Men, han var ingen smalspora spesialist i eit av medisinens aller minste fag!

Han var medlem av "Det biologiske Selskab i Krania" av "Samfundet for dansk-norsk genealogi og personalhistorie", og i 1920 innvald i Kra Vitenskapsakademi. Av dette vart han vald til å representere ved Den internasjonale kongress for antropologi i Köln i 1906.

Og så vil mine damer og herrar spørje om når han vart innvald i vårt *Selskab*. Godt spørsmål! Svar: i 1877, året etter han tok til med sin praksis! (Våre forfedrar har tidleg forstått kva det budde i den karen.)

Utan tvil var L.B. vitenskapsmann. Men han var *lege* av profesjon, og det er all grunn til å tru at han hadde uvanlege gjevnader også for det.

To nitti-årige pasientar har fortalt meg at han var umåteleg høfleg. I all omtale av han går det fram at han var det fine og noble mennesket. "Han tålte ingen pletter på seg selv, og han ville helst ikke se dem hos andre."

Og la oss no bruke nokre sekund til å bli litt kjent med han, gjennom eit foto frå yngre år, og eitt frå eldre.

Det fine og fornemme karakteriserer desse portretta. Bak brille-glasa lyser det vel av intelligens, men like mykje av klokskap. I hans åsyn har nok det faste og bestemte sin plass, det milde innslag er like sterkt.

Om hans daglege praksis veit vi ikkje stort meir enn at den var stor. Men om sin grå-stær-kirurgi har han sjøl fortalt. Den var sensasjonell.

Grå stær er, som alle i dette Selskap vil vite etter herr Ringvolds instruktive forelesing, ein tilstand der den klare linse inne i auget blir uklar, grå.

Tidlegare vart operasjonssåret ikkje sydd. Pasienten måtte derfor behandlas med den største varsemd, *løftas* over i seng, ligge urørleg eit døgn etc.

Suverent gjorde L.B. ved operasjon nesten ingenting av dette. Han ville *ingen assistent ha*, det distrahererte pasienten og skapte uro. Pasienten *skulle ikkje ligge på eit operasjonsbord*, men *sitte på ein stol*.

Etter operasjonen skulle pasienten "spasere til sin bolig". Av og til tok operatøren *begge auga samtidig*.

I *ein* operatørs hender kan ein metode bli ein suksess, i ein annans ein katastrofe.

Når operasjonen tydelegvis har lykkas så godt for L.B., vil eg tru det kunne kome av kirurgens vere-måte, vesen – i tillegg til at han sikkert var fingerferdig. Hans milde, venlege ro inngav tillit, gjorde pasienten trygg og avslappa, noko som i dette felt er den absolutte forutsetning for eit godt resultat.

50–60–70 år seinare tok andre opp tanken om poliklinisk operasjon, NB med ein annan metodikk. I dag er den i bruk i utvalde tilfelle ved vår framifrå augeavdeling, *men*, NB med *sutur av operasjons-såret* – noko som gjer operasjonen heilt annleis farefri for pasienten.

L.B. var ikkje berre vitenskapsmann og lege. I sterkaste grad var han også *samfunnsmenneske*, vidt og breitt og alltid levande interessert i og for sine medmenneske. Det gjaldt innan hans eigen stand, for den byen han var så eitt med, men slo sterkast ut i den ring av kameratar og venner han samla rundt seg i dei siste 40 år av sitt liv.

Han var formann i Trondhjem lægeforening, han var æresmedlem av den same. Gamle legar i Trondheim kan enno fortelje om det *medisinske leseværkelse med bibliotek*, ein samlingsstad, sikkert heilt unikt i dette landet. Det var L.B.'s verk. (Det gjekk med ved brannen i "Harmonien" på Torvet.)

Han var medlem av styret for Den norske lægeforening. Alt i slutten av det fyrre hundreåret skreiv han ivrig i vårt Tidsskrift for å opprette ein Sygekasse eller Sygeforsikring for legar. Ved eit landsmøte i DNLF – og nettopp her i Trondheim – *65 år seinare* vart hans idéar gjort til realitet.

Like ivrig var han – og her nådde han sitt mål – i arbeidet for å få i gang ein "*Begravelseskasse for norske leger*". Han sat som formann og forretningsfører i lange tider.

I eit minneord sa ein tidlegare president i Den norske lægeforening: "HAN VAR EN PRYD FOR DEN NORSKE LEGESTAND".

Hans sosiale engasjement gjekk vidare. Trønderens rotfaste binding til sin by måtte slå ut i innsats for den. Så mange jarn hadde han i elden at det er vanskeleg å unngå minnetalarens fallgruve: oppramsing. Han lanserte sine idéar i den nære krins omkring seg, i UCD, der dei fengde, komitear vart nedsett, andre tok ofte på seg arbeid, men idéen vart til liv.

Tidleg kasta han fram idéen om å lage ei stor kunstutstilling, folk

skulle inviteras til å stille ut kunst dei åtte, det kom dobbelt så mange kunstverk som det var plass til. Kunstnarar frå andre landsdeler var invitert og takka ja. Utstillinga var ein stor suksess og L.B. vart formann i Trondhjems kunstforening og var det i 17 år.

Han hadde idéen til og var ivrig med i arbeidet for å stifte Trondhjems turistforening, Trøndelagen skogselskap, ein forsvarsorganisasjon som dei samla inn store pengesummar til, han var ivrig med i arbeidet for å reise Nordenfjeldske Kunstindustrimuseum (som ein annan hadde idéen til). Han fekk stifta Selskabet for Trondhjems Bys Vel, var mangeårig formann og seinare æresmedlem, han fekk i gang og var formann i "Det gamle og det nye Trondhjem" etc.

Gjennom eit par ti-år sat han som formann i styret for E.C. Dahls Stiftelse. Da som no hindra norsk pengemangel utbygging, men L.B. var på 3 reiser ut i Europa for å studere innreiing og utstyr til fødselsklinikkar og spebarnsanstaltar.

Hans milde vesen og sterke posisjon i byen gjorde han serleg vel skikka til å stå i spissen for *innsamlingar* til Kysthospitalet i Stavern, til utstyr og reparasjon av Stiftsgården, til Nansenfondet, dette siste to gonger, det store norske forskningsfond som dagens unge vitenskapsmenn vel snautt har høyrte om. Og her stakk trønderen seg fram. Etter lange og vanskelege forhandlingar lykkas det L.B. å få utskilt ein eigen Trondheimsdel til bruk her. Med tanke på NTH som var i kjømda, var det sikkert overmåte klok og framsynt politikk.

Hans mest ærefulle oppdrag for sin by var vel formannsstillingen i hovudkomitéen for det store 900-års jubileum i 1897. Etter det fekk han ridderkorset av Den kongelige St. Olavs Orden.

Igjen står omtalen av ei forening L.B. fekk i gang og som han stod som den sjølskrevne leiaren for i 40 år, ei forening som eg er heilt viss på at det aldri har eksistert maken til i dette landet. Namnet var *U.C.D.*, det er *utile cum dulci* og er eit sitat frå eit vers av Horats. Namnet uttrykker formålet, U står for *utilis*, *nyttig*, *dulcis* tyder som kjent søt. Laget skulle vera til *Gagn og Glede*. *Opplysende foredrag* skulle skape *gagnet*, det frie *vennesamvær gleda*.

Laget var unikt berre med det at det hadde ingen lover, ikkje noko styre, aldri noko val. Det vart styrt ved det opplyste einevelde, representert ved L.B., tydeleg til vel-nøgje for alle. Laget skulle samlas 3. kvar laurdag i vinterhalvåret. Møta gjekk på omgang. Verten skulle halde foredrag frå sitt fagfelt. Det var oftast diskusjon etter. Serveringa var skårne smørbrød og kaffe. I rasjoneringstida 1918-23 var serveringa sløyfa. Stolt noterer formannen etterpå at frammøtet ikkje vart mindre. "Det siger noget om vår forenings idealitet."

To rapportar, innbudne i raud shirting og med gull-trykk, frå den første og den andre 25-årsperiode, fortel om arbeidet i dette laget.

Ved dei store foreningsjubilea - 10 - 20 - 25 år, må L.B., "vår forenings fader", vår "paternoster" tåle den sterkaste ros. Tittelen på så godt som alle foredrag gjennom dei 50 åra er med. Det er lødige saker, som spenner over humaniora, næringsliv, teknologi, jus, medisin, det er om Hamurabis lover, om Horats' liv og diktning, om Laksens biologi, om Diamantgruvene i Sør-Afrika, om Reparasjon av taket i Westminster Hall, om Ålen og dens vandringar, Bronsealderens kulturforhold etc., etc.

Medlemstalet kom aldri over 19. I alt var det på dei første 50 åra 61 opptatt.

Visse vesentlege forhold går igjen innan denne gruppa. Svært mange av medlemmene hadde *toppstillingar* innan sin etat.

Det store fleirtal merkjer seg ut ved *svær aktivitet og engasjement også utanom sitt yrke*, i sine *yrkesorganisasjonar*, i styre og råd - ein var president i Den norske lægeförening, ein annan i Den norske Ingeniørförening - i *faglege fora* av dei mest ulike slag, i *kulturelt-humanitære institusjonar*, som styremedlemmer og formenn, i Kunstforeningen, Teatret, Museet, Folkemuseet, aller mest Nordenfjeldske Kunstindustrimuseum, som har dette lag, UCD, direkte å takke for at det til - og skal vi ta med generalen som var formann i Dyrebeskyttelsesforeningen? - i *offentlege verv* frå bystyre og formannskap til regjering og storting, i *alle slag offentlege styre, råd, utval, nemder*, frå kommunale til statlege - departementale og internasjonale.

Eit anna typisk trekk er at *dei reiste mykje for studiar skuld*. Teknologar hadde si topputdanning ute før NTH, men dei og andre heldt fram med å reise, dels for eigne pengar, men svært ofte med offentleg stipend.

Vi har nemnt ei rekke av dei *tiltak som sprang direkte ut av UCD's idéverden og handlekraft*, som dei viktigaste - Nordenfjeldske Kunstindustrimuseum, Trondhjems turistforening og Trøndelagen skogselskap. Ei rekke andre går vi forbi. Eitt tiltak til må vi nemne, UCD's fond til vitenskapens fremme, ved oppstilling av prisoppgåver etc. - gitt av medlemmene.

For å presentere denne gruppe bedre og for å sette ein viss *relasjon i relieff* vil eg igjen tillate meg ei viss opplysting. Etter mitt skjønner er den absolutt ikkje keidsam, men - tvertimot - spennande.

Vi spør:

Kor mange av dei 61 UCD-medlemmene hadde tilknytting til vårt selskap - og på kva måte?

Kor mange av dei 61 hadde riddar- eller kommandør-kors av St. Olavs Orden?

Til slutt, kor mange hadde høge politiske verv, som stortingspresident, statsminister, statsråd, stortingsmann, ordførar eller viseordførar?

Det første DKNVS/UCD

Av dei 61 UCD medlemmene gjennom 50 år var 26 – tjueseks – innvalde medlemmer av DKNVS, d.e. 43%.

Av dei 26 var 6 – seks – preses, ein i 14 år (Rygh), ein i 8 år (Bryn).

I alt innehadde dei 6 UCD-preses embetet i DKNVS i 40 av dei aktuelle 50 år.

Av dei 26 var også 6 *visepreses*. (Av dei 26 var vidare 2 sekretær, den eine i 35 år (Richter)).

Får vi så legge til at to var *æresmedlemmer* av DKNVS, og ein hadde *Gunnerusmedaljen* (i sølv). Den eine sekretær (Richter) skreiv Selskapets historie, den eine preses var så aktiv ved ei omorganisering av Selskapet at han vart kalla den andre grunnleggaren (Rygh).

Og litt til:

Seks av medlemmene hadde doktorgrad, av dei var tre dr. honoris causa.

To hadde gullmedalje for vitenskapelege avhandlingar.

Til slutt her, fire var professorar ved NTH, to av dei også rektor.

Tilknytting til St. Olavs Orden er det fortare fortalt om.

Av dei 61 hadde 32, d.e. over 50%, denne utmerking. 24 som riddar, 8 som kommandør.

I tillegg hadde ein *Kongens fortienstmedalje i gull*.

Og så dei politiske verv:

Ein innehadde både storingspresident- og statsministervervet.

To var statsrådar.

Sju var stortingsmenn.

Fem var ordførar.

Sju var viseordførar.

Fasiten må bli at denne forening – UCD – i sine første 50 år, som vi kjenner, har utgjort ein vesentleg del av den intellektuelt-kulturelt-samfunnsengasjerte elite i denne byen.

I denne fornemme krins står ein mann klart fram som *primus inter pares*, grunnleggaren, den sjølskrivne leiaren gjennom 40 år. Klarare enn mangt anna viser dette oss *Lyder Borthens dimensjonar*.

Vi sluttar av med å gi det siste ordet til han, vitenskapsmannen, augekirurgen, den sterkt engasjerte samfunnsborger, den nære og gode venn, det høgt kultiverte og fine mennesket. Vi leitar igjen fram hans ord frå 50-årsstudentskriftet: ”Jo eldre jeg blir, desto mer mindes

jeg min mor og alt hun lærte meg av godt. Og alt dette treder nu så meget sterkere frem, som tiden og verdenskrigen til evidens viser oss hvor det bærer hen med den ensidige intelligensutvikling. Når denne ikke ledsaget av en likeså stor utdanning av hjertets bedste egenskaber, synes moralfølelsen lett at kunne utdø hos det civiliserede menneske. Det blir liten og ingen plads for religiøs følelse.”

Om stutt tid vil denne byen endeleg ha sitt kulturhus. Eg veit ein, preses, som *vel* har fortent å få si byste på ein fornem plass i dette hus.